



KYSTVERKET

Midt-Norge

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2017/2959-8

Arkiv nr.:

Sakshandsamar:
Børre Tennfjord

Dato:
30.09.2020

Uttale til offentlig ettersyn på Detaljregulering for Rotsetfjora gnr.30, bnr.157, mfl. - Volda kommune - Møre og Romsdal fylke.

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikring og beredskap mot akutt forureining. Vi arbeidar aktivt for ein effektiv og sikker sjøtransport gjennom å ivareta transportnæringa sine behov for framkome og ein berekraftig utvikling av kystsona. Vi opptrer som eigar og forvaltar av farleisinntallasjonar, fyr og merke og medverkar som statleg fagstyresmakt med sektoransvar i sjøarealet, medrekna det å legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg drift av hamner og bruk av farvatnet. Kystverket er eit direktorat under Samferdselsdepartementet.

Volda kommune ved Formannskapet har i sak 151/20 den 19.september 2020 handsama eit planforslag på Detaljregulering for Rotsetfjora, gnr.30, bnr.157 mfl. og vedteke utlegging til høyring og offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova sine §§ 5-2 og 12-10. Kystverket har motteke høyringsframlegget med ein merknadsfrist til 5.nov. 2020.

Volda kommune har i kommuneplanen eit mål om fortetting i sentrumsnære områder, samtidig som ein ønskjer og ta vare på naturverdiar og område for leik og opphald. Føremålet med den framlagde detaljreguleringa er å endre gjeldande reguleringsføremål frå industri til bustad/næring og der ein tek sikte på tilrettelegging for bustadbygging i sjønært område. Planen vil med dette avklare framtidig plassering til nybygg, bygningsvolum, byggehøgder med tilhøyrande uteareal og anlegg.

Samla sett er det planlagt 34 nye bueiningar i 2 blokker og 1 firemannsbustad på eit areal som samla dekkjer 35daa, av dette er omlag 17daa regulert sjøareal.

Våre kommentarar

Vi har no vurdert det framlagde planforslaget med omsyn på statlege rammevilkår og retningslinjer for planarbeid etter plan- og bygningslova, samt førande vilkår nedfelt i føremålet til havne- og farvannsloven.

Kystverket si verksemd er fyrst og fremst koplå til sjøareal i planar og sjønære areal som verkar på, eller kan få verknad på ferdselstilhøva. Våre generelle og særlege kommentarar til planarbeid er knytt til slike tilhøve. Vi ser av planforslaget og avgrensinga av regulerings-

Regionkontor Midt-Norge

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

området, at dette ikkje vil nokon særleg verknad på statlege anlegg, eller Kystverket sine installasjonar. Planen vil på generelt grunnlag verte handtert i tråd med Kystverket sitt forvaltingsansvar som statleg høyringsinstans.

Vi kan ikkje sjå at framlegget til arealbruk i sjø eller i det sjønære området er særleg konfliktskapande og har på nemnde grunnlag ikkje mange kommentarar. Reguleringa fører ikkje med seg upårekna eller negative konsekvensar for dei interessefelta som Kystverket er sett til å ivareta. Så langt vi kan sjå, verkar planframlegget å vere gjennomførleg.

Lov om havner og farvann

Kystverket ønskjer å informere at Lov om havner og farvann vart vedteken frå 1. januar 2020. Dette inneber at kommunane har fått endra forvaltingsansvar og mynde i sine sjøområde, jfr. §14 i ny lov.

I framlagde plan ser vi på det regulerte sjøarealet som kommunalt forvaltingsområde og søknadar om tiltak i dette regulerte området, må difor handsamast og godkjennast av kommunen. I tilknytning til framlagde planforslag vil dette gjelde både utfylling i sjø og småbåthamn, som må ha særskilt løyve til etablering. Jfr. havne- og farvannsloven sin §14.

Plan- og bygningsloven

Generelt ber vi om at det vert teke omsyn for å sikre og for å gjere sjøareala farbare og å gjere strandsona tilgjengeleg for ålmenta. Syner i denne samanheng til plan- og bygningslova sine §§11.7 pkt.6 og 11.11 pkt.3 og 6 som handlar om føresetnader for arealføremål i sjø.

Det er også viktig å vere merksam på at ein ikkje har høve til å gje løyve til tiltak som strir mot gjeldande arealplan, jamfør også havne- og farvannsloven sin §14, tredje ledd.

Generelt

Sjøområdet er planlagt nytta til hovudføremålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner*, med særføremåla *Ferdseil* og *Småbåthamn*. Det er samstundes lagt inn omsynssoner som *Flaumfare* og *Bevaring av kulturmiljø*, samt at ein har etablert ein *Bandleggingssone etter lov om kulturminne*.

For strandsonen er det mellom anna avsett areal til *Kombinererte bygge- og anleggsføremål*, *Friområde*, *Uthus/naust/badehus* og *Kulturinstitusjon*. Det er eit inkluderande sett med føresegner, både for sjøområdet og den tilhøyrande strandsona.

Konklusjon

Vi oppfattar med dette planframlegget å vere gjennomførleg med den arealarronderinga, rekkefølga og føresegnene som det vert lagt opp til i forslaget.

Utover dette har vi ingen andre kommentarar til framlagt detaljregulering for Rotsetfjøra. Planen med føresegner kan for vår del eigengodkjennast som framlagt.

Med helsing

Harald Tronstad
regiondirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Børre Tennfjord
sjefingeniør



Eksterne kopimottakarar:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens Vegvesen Transport Midt
Fiskeridirektoratet Region Midt
Norges vassdrags- og energidirektorat Vest

Postboks 2520	6404	MOLDE
Postboks 2500	6404	MOLDE
Postboks 8142 Dep.	0033	OSLO
Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Postboks 5091, Majorstuen	0301	OSLO